

Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling 2015-2017. Sluttrapport RFFVEST prosjekt 245325

Behov: UNESCO vurderer reiselivet som ein av dei største truslane mot verdsarven, men også som den største moglegheita for verdiskaping i og inntil verdsarvområde. UNESCO krev difor besøksforvaltningsstrategiar og jamleg rapportering som syner at ein tek vare på verdsarvverdiane (Outstanding Universal Value, OUV).

UNESCO er i ferd med å utarbeide ein ny felles rettleiar for å få til meir samordna forvaltning av natur- og kulturarven i alle verdsarvområde. UNESCO har erfart at lokal involvering og medbestemming er ein føresetnad for å få til langsiktig og berekraftig utvikling. Dette ligg i botn for vårt arbeid med å utvikle ei tverrfagleg og samordna besøksforvaltning.

Planområde: Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap ligg i to regionar, kring Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Verdsarvverdiane er knytt til danninga av fjordlandskapet (geologiske prosessar) og vakre fjordlandskap (landskapsbilde). Besøksstraumane er ujamt fordelt. Geiranger har 180 innbyggjarar og Flåm 350. I 2014 kom det om lag 700 000 på besøk til kvar av dei to bygdene. Tre år seinare var besøkstala nesten 1 million. Mange av nabobygdene har svært lite turisme. Planområdet inkluderer difor nærområda der dei største besøkstraumane kjem inn i verdsarvområdet.

Mål: Prosjektet skulle utvikle praktisk tilpassa planreiskapar for offentleg besøksforvalting som tek vare på natur og landskap, utviklar lokalsamfunna og sikrar brei lokal verdiskaping. Prosjektet skulle utvikle kunnskapsgrunnlag, planprinsipp og metodar til bruk når:

- Verdsarvområdet skal rapportere til UNESCO om korleis dei tek vare på verdsarvverdiane og legg til rette for berekraftig reisemålsutvikling.
- Verneområdeforvaltinga, reiselivet og lokalsamfunna skal jobbe i lag for å samordne besøksforvaltinga innanfor og utanfor vernegrensene.
- Kommunane ynskjer å ta rolla som utviklingsaktør.

Resultat: På bakgrunn av mange involveringsrundar med ulike interessegrupper foreslår prosjektet tre overordna prinsipp for besøksforvaltning i og inntil Vestnorsk fjordlandskap: Prosessane skal

- Styrke kjerneverdiane knytt til natur og landskapsbilde
- Innovere lokalsamfunn og innbyggjarar i berekraftig planlegging og forvaltning
- Legge til rette for eit spekter av berekraftige aktivitetar og opplevelingar

Prosjektet tok utgangspunkt i overordna landskapsanalysar for prosjektområdet utarbeidd i 2014. Det vart jobba vidare med skildringar av verdsarvverdiane, korleis desse pregar landskapskarakteren og om ein såg ein utviklingstrend. Nærområde til verdsarvområda vart vurdert på same måte. Det ligg føre *utkast til ny og utvida versjon* av landskapsanalysane (til saman 113 landskapsområde). Landskapsanalysane er meint som ein aktivt planreiskap som skal reviderast og utvidast når ny kunnskap kjem til. Dei bør t.d. samordnast med dei nye karta for Landskapstypar er Naturtypar i Norge (Landskap NiN) kjem for heile landet (juli 2018).

Analysane av utviklingstrendar er med og skaper eit høgare medvit på kva verdiar eit område har, om desse står i fare, og ev. kva ein kan gjere for å ta vare på verdiane i det einskilde område, eller redusere negative effektar av tiltak. I enkelte område kan endringane (punkt, linje og areal) påverke den overordna landskapskarakteren slik at området bli innordna ein annan landskapstype (attgroing, flaumsikring, nedbygging). Analysane dannar slik grunnlag for jamleg rapportering til UNESCO. Dei kan og nyttast for å vurdere konsekvensar av planlagde tiltak.

Landskapsanalysane danna saman med gjesteundersøkingar, verdiskapingsanalysar, 13 vitskaplege artiklar og fagrapporatar, 5 masteroppgåver og rapportar frå 2 studentrapportar, grunnlag for analysar

om bruk og tilrettelegging av områda, sommar og vinter. Samordning av prosjekt tilførte viktig kunnskap som t.d. ferdsel i sårbarer område, sjøfart og utslepp i verdsarvfjordane. Mange nye temakart er lagt ut digitalt til bruk i forvaltninga og vert tilgjengeleg for heile prosjektorådet gjennom Fylkesatlas for Sogn og Fjordane. Prosjektrapporten viser døme på korleis ein kan gå vidare med utvikling av tiltak lokalt (utvalde pressområde og avlastings-/utviklingsområde). Fagrapportane forslår fleire tiltak som høyrer heime i reiskapskassa til besøksforvaltninga. Tiltaka kan styrast mot tre ulike fasar: før, under og etter besøket.

Utfordring: Forankring, roller og ansvarsfordeling

Undersøkingane viser at ein manglar ei heilskapleg forvaltning av verdsarvfjordane. Nærøyfjorden verdsarvpark og Grøn Fjord-partnarskapet er oppretta som eit svar på dette. Dei er viktige integrerings-aktørarar, men er rådgjevande organ og manglar styringsverktøy. Verdsarvkommunane, med ansvar for plan- og bygningslova, må koplast tydelegare på arbeidet med besøksstrategi for Vestnorsk fjordlandskap. Dette må skje i nært samspel med verneområdestyra. Reiseliv og lokal-samfunn må integrerast i større grad enn det som har vore tilfelle så langt. Dei pågående prosessane med utvikle besøksstrategiar for verneområda kan truleg best utnyttast ved at kommunane går i lag om å utvikle ein interkommunal plan for besøksforvaltning i og inntil verdsarvområda.

Gjennom prosjektet er det utvikla eit breitt kunnskapsgrunnlag og nye planreiskapar, og saman med lokale aktørar er det skapt nye møteplassar og underbygd meir tverrfaglege planprosessar. Med den store mobilitetsauken som er varsle globalt, vil berekraftig besøksforvaltning vekse fram som ein viktig del av offentleg planlegging og forvaltning. Verdsarvrådet for vestnorsk fjordlandskap skal ta stilling til korleis ein vil vidareføre dette arbeidet.